

Emnenum. 11. Fylke: Hordaland.

Emne: Ymse attåtfor. Heradskog: Lindås.

Oppskr. av Martin Toft. Bygdelag: Nordhordland (indre).

Gard: Toft.

adr. Askelandsvåg. Gr.nr. 18, br., nr. 5.

A. Oppskrifta etter den kjennskp eg har til bygda.

Svar.

A. Røter.

1. Så lenge dei spadde åkrane, nytta dei trauske (trønske) til for. I dei siste 30 -40 år har dei meir og meir sluttat med samling av trauske, no er det vist ingen som nyttar denne planten til for meir.
2. Ein grev ikkje lenger opp trønske til for, og heller ikkje andre røter.
3. Øplyst i punkt 2.
4. Ein plante som her ver kalla ryskje vert sanka om våren til naudfor. Det er ein plante som truleg heiter stor frytle og høyrer til sivfamilien. Bada held seg mykje godt grone heile vinteren. Dei liljeforma blada skyt i mengd fram frå frå rothålsen. Det er blada som krøtera et, rota leg dei att i båsane. Dei riv ryskje opp med hendene, har det i rødder eller sekker og ruldet til sjøen. Så må ein ta det i båt og føra det over fjorde (3 km) og heim.
5. Ryskje hentar dei etter som veret og tida er lagleg, og nyttar det etter kvart.
6. Det vert nytta som naudfor.

B. Bregner.

Ein nyttar ikkje bregnerøter her. Men bregner (ormetigl eller blom) vert litt nytta om våren til kalvar som ein ikkje kan sleppa ut på beite saaman med den andre

buskpen. (Lenger inne i fjordane har folk ei heil onn etter slåtten til å skjera blom ~~tikk~~ i lider og urder, ber det heim og turkar det i hesjar og har det som hjelpefor om vinteren).

2. Fell bort. Likeein 3 og 4.

5. Ein nyttar ikkje slike.

6. Sja punkt 1.

III. Tang og tare.

A. Tang.

1. Tang har dei ikkje nytta nemnande til for her, berre ein hende gong til griser - meir som forsøk.

2,3,4,5 og 6 fell bort.

B. Tare vert ikkje nytta til for

III. Anna for av plantar enn dei nemnde vert ikkje nytta.

IX. Hestemøk har aldri vorte nytta.

V. Sørpefor.

1. Sørpefor nyttar ein ikkje lenger nemnande.

2. Ein nytta før sørpa av høyfræ som ein slo varmt vamtn på. No er det meir sjeldan.

3. Ein nytta sørpa oftast varm - serleg etter kalving.

4. Raunebær vert lite nytta. Grunnen er vel at det er vanskeleg å få dei til å halda seg i så fuktig verlag.

Her er tilfelle at folk har samla raunebær og hatt dei i tunner og fylt vatn på. På den måten får dei bæra til å halda seg like friske heile vinteren. Dei nyttar då bæra i staden for mjøl.

5. Drav eller drank nytta dei før når dei brygja øl på garden. Det kunne vera drav av 1 tunna malt - to eller tre gonger om året. No er dette heilt slutt.

6. Ein nyttar ikkje mask.

7. Før i ~~tid~~ koka ein ein log på høyfræ og turka potetrøs.

8. VI. Fiskeavfall har aldri vore nytta til for her. I gamle kasta dei sild (mussa) som vart nytta til for. Enno hender det at skjemnd sild vert nytta til geitefor.



*Luzula silvatica*

(Høeg 1956)

1792

Til Norsk Etnologisk Gransking.

Ad. emnenr. 11, ymse attåtfor.

Som ein vil sjå av svarlista var eg i tvil om kva som var rette namnet på planten som er nemnd i punkt 1.

Eg har no fånge tek på ~~hun~~ planten og prøvt å bestemma ~~hun~~ han og kome til at det er storfrytle. For å sikra at det ikkje skal koma inn noko feil, vedleg eg blomsterstykken med bløm og litt av rotblada.

Askelandsvåg, 12/6-1948.

Vyrdsamt.

*Hauketoft.*

1792